



Torill Karin Vabø Malmqvist
Skarsvegen 413
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/2583 - 17/4911

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
13.02.2017

Svar på spørsmål i e-post datert 3.januar 2017 - gbnr 146/37 Fosse ytre

Viser til din e-post datert 3.januar 2017. I e-posten er det to spørsmål, slik vi oppfattar førespurnaden din.

- Spørsmål vedkomande dispensasjonsgebyr i sak 2013/1675, vedkomande løyve til oppføring av diverse tilbygg til eksisterande bustad.

Dispensasjonsgebyret som går ut er eit gebyr på kr. 7 500,- for dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen.

I i sak 2013/1675 vart det i vedtak datert 26.04.2013 gjeve løyve til tilbygg til eksisterande bustad. På slutten av vedtaket går det fram:

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

| Skildring | Antal | Beløp |
|----------------------------------|-------|--------|
| C.1.1 Kartbasis | 1 | 500 |
| C.4.2 Dispensasjon 7.500 pr. stk | 2 | 15.000 |
| C.5.1.a Tilbygg | 1 | 6.200 |
| Totalt gebyr å betala | | 21.700 |

Det som vart søkt om i den saka var i strid med føresegnt 5.14 i kommuneplanen sin arealdel når det gjaldt tillatt utnyttingsgrad på 20 % BYA (bygd areal), og det var kun den dispensasjonen som var nødvendig og som det skal takast gebyr for.

Det vert vist til vurdering gjort i vårt brev datert 01.02.2016, oversending av klagesak til endeleg handsaming som vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland. Gebyret vart då redusert til kr. 14 200,-.


- Ulovleg bygging på eigedommen:

Det vert vist til sak 2012/484 og 2013/1675.




Dei ulovlege forhold på eigedommen gjeld ikkje forhold frå då huset vart ført opp, men gjeldt den utvidinga som har skjedd i etterkant. Det er dei forholda som vart omsøkt og godkjent i 2013. Viser til situasjonsplanen som låg ved søknaden under. I søknaden er det gjort greie for at delar av tiltaka er utført i 2007.

Forhold etter 2007:



Forhold før 2007:



Om ein ulovlighetssak ligg saman med byggesaka eller ikkje, er det opp til kommunen å vurdere. Det har ingen betydning for handsaming av saka, og det er kommunen som skal handsame begge sakene.

Forhold som gjeld oversending til annan kommune er svart på i tidlegare brev.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til tilbygg til eksisterande bustad - gbnr 14637 Fosse ytre (DokID 261213)

Kart skisser teikningar vedlagt søknad i 2013

Mottakarar:

Torill Karin Vabø Malmqvist Skarsvegen 413 5911 ALVERSUND